



Onsdag er det ny runde i forvaltningskomiteen om kårhustomt på Musland.

**Rådmannen går inn for at forvaltningskomiteen i møtet sitt onsdag ikkje skal ta klagen frå fylkesmannen til følgje i saka om omdisponering av beiteområde til kårhustomt for Møyfrid og Anders Kristoffersen på Musland**

Dermed vil komiteen truleg påny gå inn for å gje dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen.

Rådmannen meiner at tiltaket ikkje kjem i konflikt med offentlege eller allmenne interesser og at det er særlege grunnar til å gje dispensasjon.

Men det er eit vilkår at tomta/huset vert trekt nærare inn i terrenget slik at den ikkje blir ei "øy" i landskapet. Eit anna vilkår er at tilkomst til tomta vert frå eksisterande avkjørsel/snuplass og følgjer eksisterande trase.

Adminstrasjonen er samd med søkjaren i at det er liten plass til ny plass i tunet – der fylkesmannens landbruksavdeling vil at det nye kårhuset skal byggjast. Det vil vera mykje mindre problem om huset vert delt frå når det ligg så langt frå tunet.

Når det gjeld eventuell deling av kårhus midt i tunet vil det i dei fleste tilfeller vera eit mykje større problem for drifta enn om eit hus fleire hundre meter borte blir delt frå, held administrasjonen fram.

Den ser det som særlege grunnar at det vert bygd kårhus og framtidig utleigeeining på bruket. Dette vil styrkja næringsgrunnlaget og gje ny drivar mogelegheit for å satsa på fleire felt.

I tillegg vil det gje tryggleik for hjelp til drift av bruket.

Av Ola Matti Mathisen